

*VINDAFJORD KOMMUNE*

KONTROLLUTVALET SI  
ÅRSMELDING  
FOR 2011

---



KONTROLLUTVALET  
VINDAFJORD KOMMUNE

---

## 1. INNLEIING

---

Kommunelova kapittel 12 handlar om internt tilsyn og kontroll. Kommunestyret sjølv har det øvste tilsynet med den kommunale forvaltninga (§ 76), men kommunestyret vel eit kontrollutval som skal føra det løypande tilsyn (§ 77). Kontrollutvalet er altså eit obligatorisk politisk vald organ med oppgåver knytte til tilsyn og kontroll. I følgje kommunelova § 77 pkt 6 skal ”*kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget*”.

---

## 2. MEDLEMMENE I UTVALET

---

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlemmer, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av medlemmene i utvalet veljast mellom representantane i kommunestyret.

For perioden 2007-2011 har Vindafjord kommunestyre vald følgjande medlemer til kontrollutvalet:

**Faste:**

Øyvind Haraldseid - leiar  
Karin Kolltveit - nestleiar  
Nils Terje Oma  
Margrethe Veim  
Per Bakkedal

**Vara:**

1. Arne Matre  
2. Anita Heggebø  
3. Einar Halleland  
4. Trygve Sandvik  
5. Trine Sørensen

Øyvind Haraldseid og Per Bakkedal sit i kommunestyret.

For perioden 2011-2015 har Vindafjord kommunestyre vald følgjande medlemer til kontrollutvalet:

**Faste:**

Øyvind Haraldseid - leiar  
Anders Haugland - nestleiar  
Margrethe Veim  
Nils Terje Oma  
Björg Borgemyr

**Vara:**

1. Peder Lothe  
2. Anne-Lise Døvik  
3. Nils Skrunes  
4. Sissel Stene  
5. Trygve Sandvik

---

## 3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2010

---

Kontrollutvalet har i 2011 hatt 3 møte fordelt på to møter første halvår og eit møte andre halvår. Utvalet har handsama 20 saker. Oversyn over sakene følgjer som vedlegg.

Møta i kontrollutvalet er haldne for lukka dører i samsvar med kommunelova § 77 nr 8.

Ingen frå Vindafjord kontrollutval deltok på kontrollutvalskonferansen i regi av Norges Kommunerevisorforbund 02-03.02.11 på Gardermoen eller på konferansen til Forum for kontroll og tilsyn 07-08.06.11.

I 2011 blei det gjort framlegg om at kommunen skulle ha sitt eige reglement for kontrollutvalet. Det blei vedteke av kommunestyre i møte 14.06.11 028/11.

---

#### **4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER**

---

Kontrollutvalet har oppgaver knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

##### **4.1 REKNESKAPSREVISJON**

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet har handsama kommunen sin årsrekneskap for 2010 i møte 18.05.11 og har gitt sin uttale til årsrekneskapen til kommunestyret.

Skatterekneskapen for 2010 har vore lagt fram for utvalet til orientering.

##### **4.2 FORVALTNINGSREVISJON**

I følge kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon Vindafjord kommunestyre vedtok plan for forvaltningsrevisjon i 2009.

I møte 21.10.09 godkjende utvalet prosjektplan for eit prosjekt med følgjande formål: Kvalitet i pleie- og omsorgsarbeidet. ”Korleis sikrar kommunen at krava i kvalitetsforskriften vert oppfylt? I kva grad er brukarane nøgde med tenestene?” Prosjektet vart ferdigstilt i 2011 og rapporten blei handsama på kontrollutvalet sitt møte 23.02.11

##### **4.3 SELSKAPSKONTROLL**

I følge kommunelova er kontrollutvalet pålagt å sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen for 2008-2011 og retningslinjene for selskapskontroll ble vedtatt av kommunestyret 2009.

Kontrollutvalet vedtok i 2009 å gjennomføre selskapskontroll i Haugaland Kraft AS, saman med dei andre eigarkommunane. Rapporten ble handsama på møte 18.05.2011.

Kontrollutvalet tinga selskapskontroll av HIM IKS saman med dei andre eigarkommunane. Rapport blei handsama på møte 21.09.2011. Kommunestyre handsama saken i møte 13.12.11 saksnr 081/11.

#### **4.4 TILSYN MED REVISOR**

Vindafjord kommune deltar i dag i en interkommunal revisjonsordning saman med Bokn, Etne, Karmøy, Sauda, Suldal, Tysvær, Utsira, og Sveio. Kommunane har forplikta seg til å bruke Haugaland kommunerevisjon (HKR) for ein periode på 4 år fram til 30.06.12.

Vindafjord kommunestyre vedtok i sitt møte den 14 juni 2011 å seie opp avtalen om revisjon med Haugaland kommunerevisjon med verknad frå 30.06.2012. Anbud på revisjonstenestene blei lyst ut i DOFFIN den 30.12.11. Kommunestyre vil velje ny revisor i løpet av første halvår i 2012.

Revisjonssjefen for Indre Hordaland Revisjonsdistrikt har i 2011 vore oppdragsansvarleg revisor. Kommunen sin revisor har møte- og talerett i utvalet sine møter, og revisor har deltatt på to av kontrollutvalet sine tre møte. Kontrollutvalet har behandla uavhengighetserklæring frå revisor samt revisor sin plan for rekneskapsrevisjon.

#### **4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA**

Tilsyn med forvaltninga har vore gjennomført ved at rådmannen har orientert utvalet om aktuelle saker, skatteregnskap, vedtekne økonomiske rammer, halvårskontrollar og KOSTRA-tall i løpet av året.

#### **4.6 FRAMLEGG TIL BUDSJETT FOR INTERNT TILSYN OG KONTROLL**

Kontrollutvalet handsama hausten 2011 framlegg til totalbudsjett for internt tilsyn og kontroll for 2012. Totalt var framlegg til budsjett inkl. revisjonstenester, sekretariats-tenester og kontrollutvalet sine egne utgifter på kr 655 000, fordelt slik:

Kontrollutvalet si eiga verksemd	Kr	85 000
Kjøp av sekretærtjenester	Kr	170 000
Kjøp av revisjonstenester	Kr	400 000

#### **4.7 SEKRETARIAT**

Sekretariatstenester for kontrollutvalet er i 2011, som tidligare år, ivaretatt av Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS. Selskapet er eigd av 10 deltakarkommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Ny dagleg leiar tok til i oktober, samt ny rådgiver som begynte i desember.

---

## 5. OPPSUMMERING

---

Aktiviteten i 2011 har vore noko mindre enn planlagt. Året har vore prega av uvisse kring framtidig revisjonsordning. Ved sekretariatet har skifte av dagleg leiar ført til redusert kapasitet i perioden oktober-desember.

\*\*\*

Ølen, 18. januar 2012

Øyvind Haraldseid  
(sign.)

Anders Haugland  
(sign.)

Margrete Veim  
(sign.)

Nils Terje Oma  
(sign.)

Björg Borgemyr  
(sign.)

---

**OVERSIKT OVER SAKER LAGT FRAM FOR KONTROLLUTVALET**

---

**Saker til handsaming**

- 01/11 Godkjenning av protokoll
- 02/11 Referat- og orienteringssaker
- 03/11 Orientering frå rådmannen
- 04/11 Eigarskapskontroll Haugaland Kraft AS
- 05/11 Forvaltningsrevisjon Kvalitet i pleie og omsorgstenestene
- 06/11 Revisor si eigenerklæring for 2011
- 07/11 Fullmakt til FKT til å leggje ut forvaltningsrevisjonsrapportar
- 08/11 Årsmelding for kontrollutvalet 2010
- 09/11 Godkjenning av protokoll
- 10/11 Referat- og orienteringssaker
- 11/11 Uttale til kommunerekneskapen
- 12/11 85 tilrådingar om eigenkontroll i kommunane – oppfølging av rapport
- 13/11 Reglement for kontrollutvalet
- 14/11 Revisjonsordning
- 15/11 Godkjenning av protokoll
- 16/11 Referat- og orienteringssaker
- 17/11 Revisjonsordning
- 18/11 Budsjett for tilsyn og kontroll 2012
- 19/11 Selskapskontroll HIM IKS
- 20/11 Evaluering av kontrollutvalsarbeidet perioden 2007 - 2011

**Saker til orientering**

- RS 1/11 Skatteoppjevaren i Vindafjord – Årsberetning
- RS 2/11 Forum for kontroll og tilsyn - Medlemsbrev nr. 2/10
- RS 3/11 Forum for kontroll og tilsyn – Medlemsbrev 1/11
- RS 4/11 Kommunal og Regionaldepartementet – Kontrollutvalgsboken
- RS 5/11 Fylkesmannen i Rogaland – Brev av 09.04
- RS 6/11 Vindafjord kommune – Kommunen si tilbakemelding etter tilsyn i skulesektoren.
- RS 7/11 Fylkesmannen i Rogaland – Stikkprøvetilsyn
- RS 8/11 Karmøy kommune – Oppsigelse av revisjonsavtale i møte 14.12.10
- RS 9/11 Kommunestyret – Særutskrift av sak 14/11
- RS 10/11 Kommunestyret – Særutskrift av sak 15/11
- RS 11/11 Datatilsynet – Kommuneundersøking 2010
- RS 12/11 Haugaland kommunerevisjon – Styreprotokoll
- RS 13/11 Fylkesmannen i Rogaland – Oversyn over tilsyn i Vindafjord kommune
- RS 14/11 Fylkesmannen i Rogaland - Systemtilsyn
- RS 15/11 Kommunens etikkutvalg – Referat frå møte 21.06.11
- RS 16/11 Forum for kontroll og tilsyn – Medlemsbrev 3/11
- RS 17/11 Kommunestyret – Særutskrift sak 28/11
- RS 18/11 Kommunal og regionaldepartementet – Ny rettleiar for inhabilitetsreglar.
- RS 19/11 Forum for kontroll og tilsyn – Medlemsbrev 4/11